

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/15	Formannskapet	PS	22.04.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik	FA - U05	15/381

### Evaluering og endring av Austrheim næringsforum

#### Vedlegg:

Quest back næringsforum

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim næringsforum vert vidareført. Det vert gjort endringar i organiseringa i tråd med saksframstillinga.

#### Formannskapet - 054/15

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

#### FS - vedtak:

Austrheim næringsforum vert vidareført. Det vert gjort endringar i organiseringa i tråd med saksframstillinga.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Austrheim næringsforum vart oppretta i 2013 (formannskapssak 056/13), og er ei oppfølging av tiltak i Austrheim heile livet. Intensjonen bak kommunen sitt initiativ var å etablere eit uformelt samarbeidsorgan mellom kommunen og næringslivet for å fremje samarbeid. Utgangspunktet var ein tanke om eit trepartssamarbeid mellom næringslivet, politisk nivå og kommuneadministrasjon. Det vart lagt opp til ein modell inspirert frå spesielt Strand kommune der ein hadde eit snevrare forum med utvalde representantar frå ulike næringar som møttes 3-4 goner i året, og eitt breitt årleg møte som inviterte inn alle næringsaktørar. Samansetjinga i det snevre forumet er følgjande:

- Næringslivet: 9 representantar frå ulike sektorar/funksjonar.
- Politisk nivå: Formannskapet og styreleiaren i Austrheim næringssselskap (5-6 stk.).
- Administrasjon: Rådmann, Assisterande rådmann, Einingsleiar for plan og byggesak, Nærings sjef/samfunnsutviklar, Næringskoordinator og Prosjektleiar Austrheim heile livet (6 stk.).
- Nordhordland Næringshage er sekretariat.

Avtalen med Nordhordland Næringshage om sekretariatsfunksjon vart inngått for 2013 og 2014, og skulle deretter takast opp for revidering.

Som ein del av revideringsarbeidet har Austrheim kommune gjennomført ei quest back undersøking. Resultata av den viser mellom at dei som har delteke i næringsforumet (faste medlemmer) synest at tiltaket er viktig som ein møteplass mellom næringsliv og kommune (53% svært viktig, 27% viktig og 20% litt viktig). Eit stort fleirtal meiner møtefrekvensen er passe (67%), men at alle møte bør vere opne for alle næringsaktørar (73%).

### **Vurdering**

Austrheim næringsforum vart oppretta i 2013 (formannskapssak 056/13), og er ei oppfølging av tiltak i Austrheim heile livet. Intensjonen bak kommunen sitt initiativ var å etablere eit uformelt samarbeidsorgan mellom kommunen og næringslivet for å fremje samarbeid. Utgangspunktet var ein tanke om eit trepartssamarbeid mellom næringslivet, politisk nivå og kommuneadministrasjon. Det vart lagt opp til ein modell inspirert frå spesielt Strand kommune der ein hadde eit snevrare forum med utvalde representantar frå ulike næringer som møttes 3-4 goner i året, og eitt breitt årleg møte som inviterte inn alle næringsaktørar. Samansetjinga i det snevre forumet er følgjande:

- Næringslivet: 9 representantar frå ulike sektorar/funksjonar.
- Politisk nivå: Formannskapet og styreleiaren i Austrheim næringssselskap (5-6 stk.).
- Administrasjon: Rådmann, Assisterande rådmann, Einingsleiar for plan og byggesak, Nærings sjef/samfunnsutviklar, Næringskoordinator og Prosjektleiar Austrheim heile livet (6 stk.).
- Nordhordland Næringshage er sekretariat.

Avtalen med Nordhordland Næringshage om sekretariatsfunksjon vart inngått for 2013 og 2014, og skulle deretter takast opp for revidering.

Som ein del av revideringsarbeidet har Austrheim kommune gjennomført ei quest back undersøking. Resultata av den viser mellom at dei som har delteke i næringsforumet (faste medlemmer) synest at tiltaket er viktig som ein møteplass mellom næringsliv og kommune (53% svært viktig, 27% viktig og 20% litt viktig). Eit stort fleirtal meiner møtefrekvensen er passe (67%), men at alle møte bør vere opne for alle næringsaktørar (73%).

Til no har møta vore organiserte gjennom dialog mellom sekretariat og næringsgruppa i Austrheim heile livet beståande av nærings sjef, prosjektkoordinator og prosjektleiar for Austrheim heile livet. Sistnemnde har vore kontaktpunktet for sekretariatet, og har koordinert opp mot dei andre medlemmene i næringsgruppa, samt dialog med administrativ og politisk leiing. Austrheim heile livet er eit prosjekt som går ut 2015, og prosjektleiar er midlertidig tilsett i prosjektperioden. Det er derfor behov for å gjere nokre endringar.

Når ein no vel å opne opp næringsforumet, bør det likevel vere noko som er ansvarleg for planlegging av møte i dialog med sekretariatet. Det vert derfor foreslått at eit styre beståande av ordførar, nærings sjef, prosjektkoordinator og ein representant frå næringslivet tek denne rolla. Prosjektleiaren for Austrheim heile livet kan dessutan ha ein funksjon i ein overgangsperiode.

Det vert tatt sikte på 3-4 møte i året i næringsforumet. For 2015 vert det tre møte; vår, haust og seinhaust/vinter. I evalueringa kom det inn ein del innspel knytt til kva ein bør setje fokus på framover. Dette vert teke med vidare i planlegginga av nye møte.

Når det gjeld sekretariatsfunksjon, så har det fungert tilfredsstillande at den er sett ut til Nordhordland næringshage. I samband med etableringa av næringsforumet var det eit alternativ at Austrheim kommune sjølv skulle ta denne oppgåva. Dette er ikkje lenger noko reellt alternativ, på grunn av reduserte personressursar innan nærings- og samfunnsutvikling. Sidan etableringa er den felles næringsavdelinga med Lindås kommune redusert frå to til eitt årsverk. Dessutan nærmer det seg slutten for prosjektperioden for Austrheim heile livet, og då vert nærings- og samfunnsutviklingsfeltet redusert med ytterlegare eitt årsverk. Det må også presiserast at det framleis ikkje er teke stilling til vidareføring av nærings samarbeidet med Lindås knytt til felles nærings sjef utover 2015. På denne bakgrunn er det ikkje mogeleg for kommunen å ta på seg ein sekretariatsfunksjon. Det vert såleis lagt til grunn at ein nyttar høvet til å forlenge avtalen om sekretariatsfunksjon med Nordhordland Næringshage.

## **Konklusjon**

Austrheim næringsforum får endra organisering i tråd med saksutgreiinga. Dette inneberer at det vert helde 3-4 møte årleg i forumet, og at eit lite styre førebur agenda for møta med støttefunksjon i sekretariatet.